

Slik sender du byggesøknad og søknad om utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande

Her finn du informasjon om søknadsskjema, fristar og gebyr for sakshandsaming for saker som gjeld sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe (omtrent 10 bustader).

Du kan sende inn søknad om utsleppsløyve og søknad om byggeløyve samtidig, men du må nytte båe skjema. Utsleppsløyve blir handsama først, men kommunen prøver så langt som råd å vedta utsleppsløyve og byggeløyve samtidig. Utsleppsløyve må uansett vere på plass før kommunen gjev byggeløyve.

Regelverk

[Forureiningsforskrifta kapittel 11 og 12](#)

[Plan- og bygningslova kapittel 20 mfl.](#)

[Byggesaksforskrifta \(SAK10\)](#)

Søknadene blir og vurdert i høve til anna regelverk, her under naturmangfaldlova, kulturminnelova og vassforskrifta.

Aktuelle søknadsskjema:

Søknad om løyve til utslepp etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta, med vedlegg

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/naring-landbruk-og-miljo/landbruk-og-miljo/natur-og-miljo/utsleppsløyve-og-tilsyn-med-forureining/>

Søknad om løyve til tiltak, blankett 5174, med vedlegg

- [Rettleiing og søknadsskjema byggesak](#)

Du sende søknadene via [eDialog](#).

Gebyr for saksbehandling:

Kommunen tek gebyr for behandling av søknad om utsleppsløyve. Gebyr for søknadar etter plan- og bygningslova kjem i tillegg. Gebyra er fastsett av kommunestyret. Det er ikkje meirverdiavgift på slike gebyr.

Gebyrsatsane går fram av [prisliste](#) på Sunnfjord kommune si heimeside.

[Gebyrforskrift for saksbehandling og tilsyn etter regelverket for forureining.](#)

[Gebyrforskrift for byggesak mm.](#)

Fristar for kommunen si saksbehandling

Fullstendig søknad om utsleppsløyve i tråd med krava i § 12-7 til § 12-13 i forureiningsforskrifta skal avgjerast av kommunen innan 6 veker, [jamfør § 12-5](#).

Søknad om løyve til tiltak som blir omfatta av plan- og bygningslova § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av denne lova, der det ikkje føreligg merknader frå naboar eller gjenbuarar, og ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå annan myndigheit ikkje er nødvendig, skal avgjerast av kommunen innan 3 veker, [jamfør § 21-7](#).

